

Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Møte: 1 - 2019
Dato/tid: 6. februar kl. 09 - 15
Til stades: Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide, Ove Sæbø, Monika Kvamme, Grete Herøy, Nina Kvamme, Helge Kvam og Anne Hildegunn Færøy
Møteleiar: Helga Ellingsen
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksliste:

Saksnr	Saker
01/19	Innkalling og sakliste Godkjent utan merknader
02/19	Godkjenning av referat frå møte 7-2018, 3. og 4. desember Referat godkjent utan merknader
03/19	Utpeiking av repr. til arbeidsutvalet for kommunalsjefnettverket i KS og til arbeidsgruppa i psykologprosjektet a. <u>Representant i arbeidsutvalet for kommunalsjefnettverket i KS</u> Ove Sæbø overtar dette vervet etter Olav Mongstad på vegne av kommunane i NH. Anne Hildegunn Færøy melder dette tilbake til Astrid Toft i KS Vest. b. <u>Representant til arbeidsgruppa i psykologprosjektet</u> Kommunalsjefgruppa ser ikkje at dei skal delta i denne arbeidsgruppa, men ser det som meir naturleg at dei er styringsgruppe for prosjektet, og ber om at gruppa vert styrka med representantar frå Helse Bergen og eventuelt brukarrepresentant. Gruppa ønskjer å bli involvert undervegs i arbeidet og ber om at viktige retningsval i prosjektet skal drøftast i styringsgruppa. Gruppa ber om å få presentert ei løypemelding frå arbeidsgruppa i mai-møte.
04/19	Nytt pilotprosjekt - samarbeid kunnskapskommunen og Folkehelseinstituttet. Helge Kvam orienterte om Kunnskapskommunen og oppstart av Pilot for bruk av systematiske kunnskapsoversikter ved innføring av nye metodar og tiltak til den kommunale helse og omsorgstenesta - ei utprøving med 11 kommunar i Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest og Folkehelseinstituttet. Prosjektet har fått 1 mill til finansiering og er kome godt i gong. Det er difor viktig at kommunane også følgjer opp med å sende inn forskings spørsmål til prosjektet. Frist for dette er i slutten av mars månad. Dokument som beskriv piloten og modell er lagt ved referatet.
05/19	Planlegging av fellesmøte med kommuneoverlegane 22.februar 22.februar er det kalla inn til fellesmøte mellom kommunalsjefgruppa og Fagrådet for kommuneoverlegar, og kommunalt formøte til Samarbeidsutvalsmøte same dag. Det er sett av 2,5 timar til dette. Forslag til tema/saker: <ul style="list-style-type: none"> • Orientering og drøfting - nye krav til tilsetting og oppfølging av LIS1 legar - gjennomgang av kommunane sitt ansvar. • Psykologprosjektet - status for oppstart av forprosjekt Helga tar med seg forslag til tema når sakliste for fellesmøte skal diskuterast saman med leiar for fagrådet, Terese Folgerø. Helga viste elles til endring i Krisesenteravtalen som er/skal på høyring. Det er semje om at avtalen må drøftast i fellesskap, og det må vurderast om kommunane skal

	senda ein felles høringsuttale. Det må vurderast om det må gjennomførast eit ekstramøte om denne saka dersom behov. Helga held tak i denne saka.
	Open time
06/19	Gjennomgang av saker til neste møte i Samarbeidsutvalet for NH Det var ein kort gjennomgang av sakene som står på sakslista til neste møte i SU NH, 22.februar. Denne vil bli sendt ut til alle i forkant av møte. Det vert oppmoda om at saker blir gjennomgått og drøfta i kommunane i forkant av SU møta.
	Styringsgruppe møte for VFT (kl. 13 - 14)
07/19	Dokumentasjonssystem og bruk av pasientjournal for det som er knytt til felles Lærings- og mestringstilbod. - gjeld kommunane som deltar i tilbodet. Kommunane som deltar i prosjektet snakka med sine journalansvarlege i kvar kommune, for å finne løysning når det gjeld tilgang og bruk av pasientjournal
08/19	Meldingssaker / eventuelt